



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **10. mars til 16. mars**



Måndag 10. Kl. 19.00 - "Esau og Jakob" - Bømlo kulturhus

Forteljinga om Esau og Jakob, Abrahams barnebarn, er ein av Bibelen sine mange forteljingar om krig mellom brødre - og om den lange vegen mot tilgjeving. Svein Tindberg og Kjetil Bang-Hansen er tilbake med ei heilt ny framsyning. Bill.pris kr. 495



Tysdag 11. Kl. 13.00 - Digital kvardag for alle - Bømlo folkebibliotek

Få hjelp til å forstå meir om bruk av ulike digitale tenester. Tema denne tysdagen er Helse Norge. Arrangementet er gratis.



Onsdag 12. Kl. 12.00 - Korleis laga din eigen beredskapshage - Sams Senter (i gamle lokala til biblioteket)

Her kan ein hente mange gode tips til eiga sjølvberging. I regi av Jordvern Bømlo.



Torsdag 13. Kl. - 11.00 - Torsdagsdrøs - Meling bedehus

Meling krinslag inviterer til torsdagsdrøs i bedehuset. Pris kr. 50



Torsdag 13. Kl. 19.00 - Jørn Hoel og Steinar Albrigtsen - Bømlo kulturhus

Hoel og Albrigtsen er ekte klassikarar i norsk musikkliv, og konsertane er ei oppleving av ekte samspel, formidla gjennom vakker musikk og ei unik forståing av kva det vil seie å respektera og omfamna ulikskap. Bill.pris kr. 470

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Bli med i frivilligheita?

Å gjera noko for andre gjer noko med deg.

Kva er frivilligheit?

Det finst 100 000 lag og foreiningar i Noreg, og dei driv med alt frå idrett til humanitært arbeid til kultur til lokalsamfunnsarbeid. Dei aller fleste av desse organisasjonane er drivne av frivillig innsats frå engasjerte folk som ønskjer å gjera noko med hjertesaka si.



–Å være frivillig fyller hverdagen min med glede.

Brit, frivillig i LHL

Kvifor bli frivillig?

Det å vera frivillig gjer òg veldig mykje for deg. Å vera frivillig gjer deg aktiv, gir livskvalitet, sosialt nettverk og ei moglegheit til å vera nyttig og gjera ein forskjell. I tillegg gir det organisasjonane masse god og viktig kompetanse og erfaring!

Fakta om Frivillig.no:

Frivillig.no er ei nettside som blir driven av Frivillighet Norge som representerer over 350 frivillige organisasjonar. Akkurat no finn du over 3000 moglegheiter for å vera med som frivillig over heile landet. Har du spørsmål kan du senda oss ein e-post på kontakt@frivillig.no

Kontaktinformasjon

epost: kontakt@frivillig.no

frivillig.no